

# Tiltakspakke Vestland



Vestland  
fylkeskommune

# Næringslivet – ekstrastøtte på 22,1 millionar

Vestland fylkeskommune ønskjer å dempe konsekvensane av korona-pandemien med eit sett tiltak med ei samla kostnadsramme på kr 22 100 000.

Nokre av tiltaka blir innanfor desse områda:

## 4 400 000 i støtte til enkeltbedrifter

Fylkeskommunen set av 4 400 000 kr til direkte tiltak i næringslivet. Løyvinga går til Innovasjon Norge, som er fylkeskommunen sitt verktøy for direkte bedriftsstøtte.

## Reiselivsnæringa med kampanjar mot nærmarknadane

Reiseliv er særleg hardt råka av restriksjonane i samfunnet, og det vil bli vurdert særlege tiltak for å lette situasjonen på kort og lang sikt. Fellesapparatet; destinasjonsselskap og Fjord Norge blir vurdert å vere viktige støttespelarar for reiselivsnæringa i ei viktig tid. Det vil bli vurdert særlege kampanjar mot nærmarknadene i sommar dersom situasjonen elles tillåt det.

## Støtte til næringshagar og inkubatorar

Vestland fylkeskommune har saman med Siva gjennom mange år etablert eit nett av innovasjonsselskap. Næringshagar og inkubatorar blir no nærmeste støtte for små og mellomstore bedrifter i ei vanskeleg tid. Fylkeskommunen vil dagleg vurdere tiltak for å støtte desse med nye tiltak, slik at dei kan hjelpe bedrifter som treng det.

## Auka tilbod om etter- og vidareutdanning

Kompetanseforum Vestland etablerer dialog med næringslivet for å avdekke kva kompetansebehov Covid-19 vil utløyse på kort og lang sikt. Ut frå dette skal det utarbeidast etter- og vidareutdanningstilbod i regi av utdanningsaktørane i fylket for å fylle desse behova, finansiert av fylkeskommunale midlar og statlege ordningar. Fylkeskommunen vil ta initiativ til at eksisterande laboratorium og testfasilitetar (Katapultar) kan nyttast til opplæringstiltak for bedrifter.

## 11,4 millionar kroner til bedriftsintern opplæring i bedrifter (BIO-midlar)

Dette går til bedrifter med låg aktivitet som følgja av Covid-19. Føremålet er å heve kompetansen i bedriftene slik at dei står betre rusta til å tilpasse seg ein ny marknadssituasjon og sikre vidare drift.

## 3 millionar til oppstart av nye bedrifter

Fylkeskommunen løver 3 millionar til oppstart av nye bedrifter, der etableraren kan søke inntil 50 000 kroner til utgiftsdekning i samband med etableringa. Ordninga vert forvalta gjennom tre regionråd.

## Be om auke i løyingane til utbygging av breiband

Vestland fylkeskommune vil oppmøde staten om å auke løyingane til brebandsutbygging i ikkje-kommersielt utbyggbare område frå 200 mill. kr til 500 mill. kr. Dette gir ein rask effekt i bygge – og anleggsnæringane, men gir også ei opprusting av infrastrukturen. Koronasituasjonen viser tydeleg kor avhengig vi er av godt utbygga breiband.

## Samle kunnskap om Covid-19 og næringslivet

Vestland fylkeskommune vil samle kunnskap om effektane Covid-19 har på næringslivet i fylket. Dette skal skje saman med partane i arbeidslivet, NAV, Innovasjon Norge og sentrale næringslivsaktørar. På denne måten kan ein sikre at utfordringane i alle delar av næringslivet blir synleggjort og at tiltak vert meir treffsikre.

## 9 millionar til forskings- og innovasjonsprosjekt

Vestland fylkeskommune vil gjennom Regionalt forskingsfond Vestland lyse ut 9 millionar kroner til forskings- og innovasjonsprosjekt. Styret vil i møte 21. april vedta rammene for ei slik utlysing. Dette vert midlar til kortsiktige prosjekt med brei tematisk



ramme, slik at søkerane i stor grad kan definere sine eigne behov for ny kunnskap i søknaden. Styret vil òg vurdere moglegeheitene for raskare utlysings- og saksbehandlingstid. Prosjekt som må utsette arbeidet som følgje av Covid-19 kan få inntil 6 månaders forlenging.

#### Hjelp til forsking og søknadsordningar

Eit korps av kompetansemeklarar vert no mobilisert til å hjelpe bedrifter i gang med forsking for å auke innovasjon. Særleg bedrifter med liten forskingserfaring kan få hjelp til å identifisere forskingsproblemstillingar og relevante søknadsordningar.

## Eigedom – framskynde planlagt arbeid

Vi har allereie sett i gang arbeidet med å framskynde planlagt vedlikehaldsarbeid ved skulane. Det er totalt sett av 36,5 mill. kr til slikt arbeid i 2020. Delar av det planlagde arbeidet kan gjerast via eksisterande

rammeavtalar, t.d. tekking av tak, sykkelskur, ein del lov-pålagde servicar og kontrollar. For dei delane som krev utlysing av nye anbod er prosessane sett i gang.

## Innkjøp – utsette, ikkje avlyse

Vi søker å utsette planlagde arrangement i staden for å avlyse. Her vil vi gå i dialog med leverandørane våre og söke gode, felles løysingar.

Vidare gjennomfører vi anskaffingar i tråd med planlagd innkjøpsplan og startar dessutan opp nye, mindre anskaffingsprosessar der vi prioritærer å legge til rette for lokale leverandørar.

## Økonomi og rekneskap – betale raskt

Vi vil vektlegge å betale rekningane våre så raskt som mogleg og håper dette kan bidra positivt til å sikre likviditeten hos kreditorane våre. Det er store summar

som går ut frå Vestland fylkeskommune – dagleg i området 30–60 mill. kr og nokre dagar langt over 100 mill. kr om store entreprenørselskap skal ha betaling.

## HR – stille med ekstra ressursar

Vestland fylkeskommune er sjølvsagt positiv til å vere med på den nasjonale dugnaden som no går føre seg for å sikre at det norske samfunnet kjem seg gjennom denne krevjande tida på best mogleg måte. Vi har difor gjennomført ei førebels kartlegging av tilsette med bakgrunn innan helsefag, restaurant- og matfag, reinhald

mv. Dersom situasjonen utviklar seg på ein slik måte framover at det vil vere behov for ekstra ressursar for å sikre drifta av viktige institusjonar i samfunnet som t.d. sjukehus, alders- og sjukeheimar, vil Vestland fylkeskommune bidra med aktuelle ressursar etter nærmere avtale.

## Samferdsle og kollektiv – forsering av prosjekt

Vestland fylkeskommune skal gjøre det vi kan for å forser utlysing av prosjekt som vi har løyving til i 2020. I tillegg vil vi skaffe oversikt over tiltak som vi kan gjennomføre relativt raskt dersom det kjem ekstra løyving/tiltakspakke frå staten. Dette gjeld både vedlikehald av fylkesvegnettet og nye investeringstiltak.

Dersom leverandørar som Vestland fylke har ein kundelasjon til ønskjer betaling raskare enn normalt forfall vil vi følgje opp å sikre det.

## Opplæring, elevar og lærlingar – kompetanseheving gjev omstillingsevne

Vestland fylkeskommune vil legge til rette for at fleire elevar kan ha meir praksis og slik bidra på samfunnskritiske områder. Vi vil organisere og tilby digital opplæring til lærlingar som no risikerer permittering. Vi vil legge til rette for at lærlingar som no ventar på å gå opp til fag/

sveineprøve, skal få denne formaliserte kompetansen raskast mogeleg. Vestland vil söke sentrale myndigheter om dispensasjon dersom regelverk er til hinder for dette.

# Kultursektoren – raskare utbetaling og kompensasjon

Utbetaling av prosjekt og driftstilskot i 2020: Vedtekne tilskot vert utbetalte sjølv om tiltaket ikkje let seg gjennomføre i tråd med opphavleg plan.

Rask utbetaling av tilskot i 2020: Alle tilskot skal beta last ut så raskt som mogeleg etter vedtak. Det leggast til rette for eingongsutbetaling av heile tilskotet.

«Hurtigkompensasjon» 2020: Etablering av kriserordning 2020 som vert finansiert ved omprioritering av midlar som er fordelt til etablerte ordningar, og som ikkje er fordelt, og disponibele fondsmidlar. Saka må handsamast av KULII.

Utsetting av frist for søknad om driftsstøtte for 2021: Fristen for å söke driftsstøtte for 2021 er sett til 5. april 2020. Vi har fått tilbakemelding frå nokre aktørar at dei har problem med å overhalda fristen grunna meir arbeid

som følge av koronakrisa. Vestland fylkeskommune bør vurdere å utsette fristen til ultimo april.

Kunnskapsinnhenting: Systematisk innhenting av informasjon om situasjonen hos aktørar innan kultur og idrett – særleg dei som er omfatta av fylkeskommunen sitt budsjett 2020. Gjennomførast i løpet av april i samråd med bransjeorganisasjonane, kommunar og evt. stat.


Kompensasjonsordningar: Med grunnlag i pkt. 1 vert særlege ordningar føreslått til fylkestinget i juni 2020, jf. fordeling av årsoverskot 2019 og planlegging av budsjett 2021.

Endra innretning av gjeldande ordning: Nye ordningar (drift- og prosjektstøtte) innanfor framtidige budsjett.

## Koordinering mellom viktige aktørar

Vestland fylkeskommune støttar trepartssamarbeidet mellom fylkesordførar, NHO, LO og Nav. Fylkeskommunen tek også ei koordinerande rolle både overfor kommunane og andre. Vestland fylkeskommune skal spele

ei aktiv rolle saman med IN, KS og alle samarbeidspartar, for å samordne tiltak og verkemiddel som kan bidra til å handtere krisa framover.



Vestland  
fylkeskommune

[vestlandfylke.no](http://vestlandfylke.no)